

ÅRSPLAN FOR SFO

SELJORD BARNESKULE 2011-2012



TLF SFO: 35051334 / 47608919

www.seljord.kommune.no

FØREORD

Denne planen er ei kort orientering til foreldre/ føresette om mål, innhald og kva for aktivitetar vi har. Han er kun retningsgjevande, det kan hende vi endrar noko på planane undervegs.

Seljord, september 2011

Haldis R. Thorvaldsen
Leiar for SFO

INNHALD

Føreord	2
Innhald	3
Kort om skulefritidsordninga	4
Personalet ved SFO	5
Hovudmålsetjing	6
Dagsrytmen	7
Aktivitetar	8
Turar	9
Samarbeid	10
Opningstider og tilbod i feriane	11

KORT OM SKULEFRITIDSORDNINGA

SFO held til i nybygget på barneskulen. 2a og 1. klasse har klasseromma ved sidan av. Vi kan nytte samlingsrommet, skulekjøkkenet og klasseromma til 1. og 2.klasse. Ved spesielle høve, bruker vi Granvin også.


SFO legg stor vekt på frileik, men det er også mogeleg å få delta på vaksenstyrte aktivitetar. Dei fleste av desse aktivitetane er frivillige, det vil seie at barna sjølv kan velje om dei vil vera med.

I år er det 69 barn som har eit SFO- tilbod.

Av desse barna er:

- 16 barn 1. klassingar
- 24 " 2. "
- 17 " 3. "
- 12 " 4. "

Torsdagar kan vi få barn frå Flatdal skule, då dei ikkje har eige tilbod den dagen.



PERSONALET VED SFO

Ved Seljord SFO er det 7 tilsette:

Førskulelærer/ leiar: Haldis Reitan Thorvaldsen

Tlf: 35051906

Assistent/ barnepleiar Sigbrit Valhovd

Tlf: 90543972

Assistent Jan Sørkås

Tlf: 35053343

Assistent Vigdis Grave

Tlf: 35050542

Assistent Wenche Jønholt

Tlf: 97180865

Assistent/ barne og ungdomsarbeider Lena Heimdal Johannesen

Tlf: 98671127


Assistent Olaug Irene Gjerjordet

Tlf: 98614123

Tlf: 95042398

I tillegg er Olve Huvestad utplassera hos oss.

Vi har også språkpraktikantar innom.



HOVUDMÅLSETJING

Vi som arbeider ved Seljord SFO har fylgjande hovudmålsetjing for arbeidet:

Barna skal få ein trygg, utfordrande og spanande, kvardag prega av mykje leik, humor og glede.

Tryggleik er den viktigaste faktoren for at barna skal trivast på SFO. Dei treng tid til å bli kjende med skulen, personalet og kvarandre. Derfor er det viktig at barna på SFO møter dei same normene og reglane som på skulen. Når barna føler seg trygge på kvarandre, utviklar dei venskap på tvers av alder, noko som er ei positiv oppleving for alle.

Trygge barn er som oftast glade barn, og vi vil ha mykje latter og glede i kvardagen vår. Ein positiv og spanande kvardag for alle barna på SFO er ei utfordring for oss alle saman. Ved å sette fokus på dei ulike aldersstega og kva som er spanande for dei, håpar vi at vi skal gje alle noko dei likar og er interessert i. Utfordrande kvardagar vil ein alltid få, for mange kan det vera nok å vera saman i ei stor gruppe. Eit mål for oss er at alle skal få ulike utfordringar tilpassa sitt nivå.

Vi legg stor vekt på frileik på SFO.

For oss er det viktig å hugse på at den tida ungane oppheld seg her, er deira fritid. Vi vaksne vil vera til stades for dei, samt tilretteleggjarar.

Barna skal gjennom leik:

- ***Få erfaring med å løyse konfliktrar og få sosiale erfaringar.***
- ***Kunne uttrykkje egne behov i gruppa, og ta omsyn til andre.***
- ***Få del i barna sin eigen kultur i samvær med andre barn.***

Vi legg vekt på å utvikle sjølvstende og ærlegdom. Difor vel vi å tru dei beskjedane vi får frå ungane. Det kan vera at dei td. seier dei ikkje har regntøy eller skift med, eller det kan gjelde tida dei skal gå heim på. (Viss de som føresette er usikre på om ungane hugsar å seie beskjedane, kan det vera lurt å skrive dei på ein lapp, sende SMS, eller ringje oss på førehand.)

Om ungane ikkje snakkar sant er det både noko vi tek opp med den einskilde og felles i samlingane.

Er det noko spesielt, vil de som føresette få beskjed.

DAGSRYTMEN

Måndag- tysdag- onsdag- fredag:

7.30- 8.20- Frileik. Dei som ikkje har ete frukost heime kan gjere det på SFO.

(Dei må ha niste med sjølv.)

8.20-14.00- Skule

14.00-16.30- Samling

Måltid

Lekser (leksehjelp måndag og onsdag for dei som er påmelde)

Frileik, frie og styrte aktivitetar.

Torsdag:

7.30-9.30- Barna kjem

7.30-11.00 - Frileik

11.00-11.30- Samling

11.30-12.00- Måltid

12.00-14.00- Ute/ frileik

14.00-14.30- Måltid

14.30-16.30- Frileik

Vi vil nytte nærområdet til turar. Turane vil gå føre seg i kjernetida, frå 9.30-14.00. Difor er det viktig at vi får beskjed om ungane kjem seinare enn 9.30, fordi dei då kan kome til "tomt hus". Skal dei gå tidlegare enn 14.00, vil vi gjerne vite om det også, slik at vi ikkje er på tur når dei blir henta. Det er og viktig at vi får vite om dei skal noko midt på dagen, som t.d. tannlegen eller i bursdag.

- ***Gje beskjed dersom ungane kjem etter 9.30, eller blir henta før 14.00***
- ***Gje beskjed dersom ungane skal noko i kjernetida.***

SAMLING, KVA ER DET?

I samlinga tek vi opprop, beskjedar, eventyr, leikar eller vi har samtaler om ting som opptek oss, og som kan gjere kvardagen betre for oss. Av og til les vi fortsettelsesbøker.

AKTIVITETAR

Den fyrste månaden har vi bruka til å bli kjend på SFO, skulen og med kvarandre.

Dagsaktivitet: Samling

Vekesaktivitet: ein dag i veka blir det eit spesielt opplegg for dei 3 og 4. klassingane som vil vere med. (Eks: turar, gymsal, snekring, skodespel, leid, dans osv...)

Andre aktivitetar:

Turar

Baking/ varm mat


Festar for barna:

Personalet vil saman med barna lage til to festar:

Før jol: Pysjparty (29. november)

Etter jol:Vinterfest (6. februar)

DETTE ER FESTAR UTAN FØRESETTE OG SØSKEN !!!!!



UTETID

På SFO er vi ute stort sett kvar dag. Difor er det viktig med regntøy som passar, varme klede og godt med skift. MERK KLEDA, for mange har likt regntøy og like støvlar. (Vi har tusjar på SFO.)

Turar:

Når vi er på turar bør ungane ha klede og høvelege sko/ støvlar. Vi går på tur sjølv om det regner, og då er det viktig at ungane har regntøy og skift med seg. (Dette gjeld utetida i det heile!)

Ved planlagte turar heng vi beskjed på tavla i gangen.

UT PÅ TUR, ALDRI SUR !!!!!
MEN, DET KAN FORT BLI
SURT UTAN REGNTØY OG
TØRRE KLEDE I SEKKEN!



SAMARBEID

Samarbeid med foreldre/ føresette

Eit av måla til dei tilsette ved SFO er å arbeide for at barn og vaksne skal føle seg velkomne når dei kjem. Vi vil gjerne at de fylgjer barnet inn på SFO-rommet om morgonen, slik at vi veit at barnet har kome. Her er det alltid ein kopp kaffe/te til dykk, og vi set pris på ein hyggeleg prat. Vi vil og snakke litt med dykk om ettermiddagen når barna blir henta. Sei ifrå når de går på ettermiddagen, og kryss av på lista ved branndøra. Den daglege, uformelle kontakten vi har med foreldre/ føresette er veldig viktig for å bli kjent med dykk, utveksle informasjon og liknande.

Det er viktig at vi får beskjed om barnet ikkje kjem ein dag. Dette fordi vi sel plassar ved ledig kapasitet. Er det ledig kapasitet ein dag, kan vi ta imot barn som treng plass. Ved ledig plass, vert den selt til den som fyrst melder si interesse. Det er bare dei ungane som allereie har eit SFO-tilbod som kan nytte seg av kjøpeplass. Timepris: 40,-

Samarbeid med lærarane

Vi som er tilsett ved SFO vil heile tida vera i dialog med barna sine kontaktlærarar og dei andre personane som er involvera med barna.

Samarbeid med personalet

Personalet har faste personalmøter, i tillegg til tre planleggingsdagar.

OPNINGSTIDER OG TILBOD I FERIANE

Sfo har følgjande opningstider:

* Måndag-tysdag- onsdag- fredag kl 7.30- 8.20
kl 14.00- 16.30

* Torsdag kl 7.30-16.30

I tillegg blir det gjeve tilbod om opphald i feriar og skulefridagar.

Vi sender ut ferielister i god tid føre feriar. Det er viktig at de leverar dei tilbake sjølv om de ikkje treng tilbod, slik at vi som jobbar veit at de har lese det. Ved enkeltfridagar vil vi henge opp liste ved utgongsdøra slik at de kan krysse av om ungen skal ha fri eller ikkje. Ved 5 påmelde eller fleire vert det heldt ope.

NB! Blir lappane levert for seint vil de ikkje få nytte tilbodet i feriane eller fridagane!

NB! Hugs at bestilte timar må betalast for sjølv om dei ikkje blir nytta!

SFO er stengt:

- I joleferien
- I juli
- 3 planleggingsdagar

Leiar for SFO har kontortid:

- Måndag kl 10.00-14.00
- Tysdag kl 09.00-14.00
- Onsdag kl 11.00-13.00
- Torsdag kl 11.00-13.00

Telefonnummer til SFO: 35 05 13 34

Mob: 47 60 89 19